

God sommar!

Med-
arbeidar
– eg?

•
Stanghelle
gravplass
tek ny
form!

•
Bilete av
konfir-
mantane

•
Smånytt

•
Notisar

•
Slekters
gang

•
Velkomen
til kyrkja



Sommar kan vere ferie, fottur, friluft og fellesskap. Slik som her, på stølsgudstenesta på Fossestølen fyrste sundagen i juli

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Telefon til soknerådsleiarar

Stammes: Odd Helland, 56 59 81 33

Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12

Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og

Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 22. aug. Neste nr. kjem i sept.

Skjenn...

Å få skjenn er vel noko alle har opplevd. Skjenn for noko ein har sagt eller gjort, skjenn for noko ein ikkje har gjort. Uttrykket skjennepreik vert ofte nytta. Tilsette på offentlege kontor kan ofte oppleve ein avsendar, eller innringjar som auser ut sine frustrasjonar, anten ein er "skuldig" eller ikkje. Skulle berre mangle, at ein ikkje skal kunne ringje til kyrkjevevja og klage på manglande vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, busker og tre, trapper og rekkverk. Ikkje alt slikt skuldast manglande løyvingar frå kommunen. Stundom kan ein ha oversett manglar, eller ein har prioritert andre oppgåver. Rett skal vere rett.

På same vis kan ein kyrkjevevje verte frustrert over blomebed som vert opparbeidde langt ut over grensene, og busker og tre som er planta både på baksida og sida av gravsteinen. Runde elvesteinar som vert lagde rundt blomebed øydelegg knivane på grasklipparen. Glaskrukker og reiskapar som er sette bak gravsteinane er skjemmaende og direkte helsefarlige, særleg når grasklipparen knuser sylteglasa og kastar bitane fleire meter. Jau, skjenn er nok på sin plass no og då.

Lat oss gjerne få lesarane sine reaksjonar, på godt og vondt. Me lovar å gjere vårt beste, og håper det strekk til.

Og ros....

Me takkar våre lesarar for bladpengane til kyrkjebladet. Utan denne støtta ville me knapt kunne halde fram med å trykkje og sende ut bladet. Håper at de som les bladet er nøgde med innhald og informasjon, og kom gjerne med innspel og innlegg til bladet.

God sommar!

Helsing redaksjonen

KYRKJEKONTORET FOR VAKSDAL

Kyrkjekontoret er stengt 7.-18.august.

I veke 32 kan kapellan Bø kontaktast på telefon 56 59 70 88 / 90 84 06 24

I veke 33 kan sokneprest Kvamsøe kontaktast på telefon 90 19 65 14.

Kyrkjevevja i Vaksdal

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

MEDARBEIDAR - EG?

Det er nesten ein absurd tanke: Eg kan få rekne meg som ein medarbeidar av Gud. Han og eg er umake par, må ein kunne seie, og det er ikkje utan vidare naturleg at me kan ha noko saman.

Likevel er det slik at Gud nyttar menneske i si teneste, det kan me lese om allereie i byrjinga av Bibelen. Då Jesus tok til med si oppgåve knytte han til seg menneske, og særleg dei 12 som er kjende som læresveinane hans. Paulus var fyrst ein motstandar av dei kristne, men var omvendt etter eit møte med den levande Jesus. Paulus vart ein medarbeidar i Guds rike, sjølv om han i eigne auge slett ikkje fortente det. Han knytte til seg medarbeidarar i si teneste, og der nye kyrkjelydar vart etablert, vart nye menneske medarbeidarar. Kyrkja har vakse i tal og utstrekning. og no er det medarbeidarar over heile vera. Då Jesus gav kallet til etterfylgning og medarbeidarskap, var det dei 12 som fekk det fyrst. Men kallet gjeld alle som trur på Jesus. Det gjeld ikkje berre eit fåtal menneske, ein elite eller særskild andelege menneske.

Björgvin bispedøme har ein visjon: **Saman vil vi gjere Kristus kjent, trudd, elska og etterfylgd.** Bispedømet fokuserar dei komande åra på medarbeidarskap i det kyrkelege arbeidet, og ynskjer at oppgåvene i kyrkjelyden må gjerast *saman*. Biskop Ole D Hagesæther skriv mellom anna slik i Stiftsnytt, bispedømet sitt informasjonsblad: "Vi må kome forbi det i kyrkja vår, at vi skal gjere oss betre eller meir truande enn det vi er. Er du glad i kyrkjes huset ditt, så gjer det du kan både for huset og for dei som kjem saman der. Er du kjær om at dei kristne verdiane må verte overleverte til nye generasjonar, då skal du arbeide for ei barnevenleg trusopplæring."

I kyrkja i Vaksdal er det og bruk for medarbeidarar. Dei tilsette har sine oppgåver, det same har dei som er valt inn i sokneråd og kyrkjelydsutval. Men det er ikkje desse som skal gjere alle oppgåvene! Det trengs til dømes medarbeidarar i barne- og ungdomsarbeidet, og i gudstenestene er det rom for at mange fleire menneske tek del med sine ulike oppgåver. Alle menneske

høver ikkje til alle slag oppgåver. Og somme trivst best med å arbeide i "kulissane", mens andre har – eller kan få – det frimodet som skal til for å stå framfor menneske, eller på andre vis vere synlege. Me treng korkje ta frå oss sjølve eller andre høvet til å verte medarbeidarar,

berre fordi me er ulike. Jesus sjølv nyttar bilete om kyrkjelyden som ein lekam. Der er det ulike lemar med ulike funksjonar, men alle høyrer saman og utfyller kvarandre.

Det kan nok vere at me som er tilsette ikkje er flinke nok til å få med oss folk, og det er ikkje noko me kan slå oss til ro med. Det kan og vere at mange tenkjer at andre får ta seg av oppgåvene, men det er oppgåver nok til at endå fleire vert aktive. Det kan jamvel vere at mange ynskjer å vere med i arbeidet om dei berre vert spurde. Her må me som allereie er aktive, vert flinkare til å spørje. Og det er fullt loveleg å ta kontakt med dei tilsette eller valte medarbeidarane og seie "- eg vil vere med!" Kan hende har du fått meir frimod til å gjere nett det, etter å ha lese dette stykket?

Du er velkomen som medarbeidar!

Med helsing Frode Kvamsøe

Lese meir om bispedømet si satsing på med-arbeidarar? Sjå

<http://www.kyrkja.no/bjorgvin>



Stanghelle gravplass vert utvida

Arbeidet er godt i gang, og skal vere ferdig til 27. oktober.



Den 29. mai starta arbeidet med utviding av Stanghelle gravplass. Djønne Maskin AS står ansvarleg for arbeidet, og nyttar Brødrene Rio og Anleggsgartner Wikholm som underentreprenørar.


Arbeidet har gått greitt til no. Rett nok har arbeidet med støttemuren teke lengre tid enn venta, men Djønne Maskin AS reknar med å verte ferdig med alt arbeidet til avtalt tid, som er 27. oktober.

Det vert ferieavvikling og full stans i arbeidet på gravplassen frå 14. juli til 7. august. Dette vert gjort for å få ei effektiv ferieavvikling utan omskifte av arbeidsfolk.


Ein gjer merksam på at einaste tilgangen til gravplassen i denne tida vert gjennom porten oppe ved klokketårnet.

Over: Muren langs gravplassen vart ferdig til 29. juni.

Under: Illustrasjonen viser korleis muren langs gravplassen vil binde saman den gamle og den nye delen.



Illustrasjon: F.U.T.T., Landskapsarkitektur v. Frode Pedersen



OPPRISS PORT VED HOVEDINNGANG

Snitt som viser inngangspartiet, slik arkitekten ser det for seg. Rekkverket og portane vert laga i smjern. Inngangspartiet vert bygd i naturstein.

Det har kome reaksjonar på at den nedste muren er oppført i glatt betong, i staden for naturstein. Diverre er prisen på slik mur i overkant av det som budsjettet tillet, den ville ha kosta kr 3500,- pr kvadratmeter. I tillegg vil ein

natursteinmur ta meir plass, og lage vanskar i høve til dei eksisterande gravene.

Når ein vitjar den nye plassen vil ein ikkje sjå så mykje av betongmuren, men deler av den gamle muren mot sør vert restaurert og synleg som før.



"Anleggsområdet" sett frå Stanghelle Vest.

Arbeidet med registrering av graver og festarar har til no frigjort om lag 20 graver. Slik plassen er nytta frå gammalt av, kan ein ikkje rekne med å få brukt alle desse oppatt, for det kan vere for lite plass til ny gravlegging etter vår standard. Avstanden mellom gravene er auka

med 30 cm etter den nye lova, og det krev sjølvsagt eit større areal.

Me ser fram til dagen når den nye gravplassen står ferdig til vigsling. Håper at alle som vitjar gravplassen finn den tenleg og verdig.

KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 7. MAI 2006



Foto: Fotograf Løtvedt

1.rekkje frå venstre: Marit Terjesen, Silje Annie Helle, Malin Aileen Kalsås Faugstad, sokneprest Frode Kvamsøe, Lene Rørvik Haugland, Hilde Utskott Birkeland, Vilde Danielsen Kvamme.

2. rekkje frå venstre: Endre Jamne Vik, Elise Carlsen, Karina Kimberley Dankertsen, Malin Grenasberg, Ingvild Karin Vikøren, Marianne Stanghelle, Marthe Mehus Lie, Silje Andreassen, Viljar Dyvik Sellevold.

3. rekkje frå venstre: Espen Johansen Indrebø, Eirik Wefring Bjørkheim, Marius Eide Sellevold, Adrian Kydland Skaftun, Sondre Kyrkjeteig, Håvard Berge, Eirik Stavenes Tveiterås, Dani Steinsland Boge, Mats Rolland Ulveseth, Torben Meland Lian.

KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 7. MAI 2006



Foto: Fotograf Løtvedt

1.rekkje frå venstre: Julie Susan Bakke Birkeland, Malin Sæterdal, kapellan Edvard Bø, Linda Fosse Indrevær, Daniel Svensson Kinsarvik.

2. rekkje frå venstre: William Johan Vik, Stian Herfindal Berg, Ronnie Bakke Amundsen, Eirik Erstad Sivertsen, Marius Tolås Næss.

KONFIRMANTAR I EIDSLAND KAPELL 30. APRIL 2006

Frå venstre:

Espen Simmenes Nordheim,
Anne-Lise Møster,
Synne Møster Aas, og
sokneprest Frode Kvamsøe.



Foto: Vaksdal Posten

KONFIRMANTAR I BERGSDALEN KYRKJE 28. MAI 2006

Frå venstre:

Anders Hvidsten Straume,
Sara Skjerveggen Pahlm,
Åsne Rødland,
Kristina Fagerbakke Fosse, og
sokneprest Frode Kvamsøe.



Foto: Per Småbrekke

KONFIRMANTAR I EKSINGEDALEN KYRKJE 4. JUNI 2006

Frå venstre:

Thor-Andre Brørvik Eriksen,
kapellan Edvard Bø, og
Mathias Lavik.



Foto: Bengt Eriksen

ER FERIEPLANENE KLARE?

Noen av oss er ganske flinke å planlegge på lang sikt, og for dem er sikkert ferieplanene lagt, om ikke i detalj. Mange skal sikkert til utlandet, og i den forbindelse vil vi gjerne komme med et godt råd og et godt tips. Sjømannskirkene ønsker alle velkommen innom. Som en sa det så greit: "Når du drar forbi en sjømannskirke, så ikke gjør det, - dra innom."



Som mange vet, så har **Sjømannskirken** kirker i mange land og verdensdeler. Om det heter sjømannskirke, så betyr ikke det at andre ikke er velkommen. Snarere tvert imot. For alt fra den spede begynnelse har kirkene våre vært kirker for alle de som har befunnet seg utenfor landets grenser. Konsekvensen av dette og som en understrekning av det har vi lagt til navnet – **norsk kirke i utlandet**.

På den måten vil vi signalisere at alle er hjertelig velkommen innom, til en kopp kaffe, en prat, en titt i norske aviser eller benytte seg av stabens lokalkunnskap. For det vet vi som har vært ansatt ved en sjømannskirke ute i verden at det er ikke alle spennende reisemål som står i turistbrosjyrene. Også dette kan en få tips om på kirkene våre.

Ja, og skulle ulykken eller uhellet være ute, kan det være greit å spørre om hjelp av noen som er kjent lokalt. Selvsagt håper vi at slikt kan unngås, men beredskap for slikt er jo og en del av kirkens oppdrag.

På Sjømannskirkens hovedkontor i Bergen kan dere få en oppjustert liste over alle kirkene våre, det være seg i Europa, USA eller i Østen. Denne finner dere og i Organisasjonens blad, Bud og hilsen,. Sjekk og på: www.Sjomannskirken.no.

Ta gjerne kontakt, og vi formidler informasjon.

Altså, - ikke kjør forbi en sjømannskirke om du gjør det i ferien. Kjør innom!!!

Velkommen hjem – verden rundt!!

DALE KYRKJE 50 ÅR!

16. desember er det 50 år sidan Dale kyrkje vart vigsla. Jubileet skal feirast på mange vis, mellom anna med

Jubileumskonsert

laurdag 16. desember

Med Dale Musikkforening,
Kordial, Kilden m fl.

Jubileumsgudsteneste

sundag 17. desember

Festsamvere etterpå.

I BISPEDØMMERÅDET



Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf er valt til varamedlem i bispedømmerådet.

Det er valt nytt bispedømmeråd i Bjørgvin. Magne Skjeldal, Voss, er valt til leiar av rådet. Som representant for dei leke tilsette, er valt Sissel Vartdal, kyrkjevevje i Fjell. Tone Synnøve Øygard Steinkopf, kantor i Vaksdal, er valt til varamedlem for henne. <http://www.kyrkja.no/bjorgvin/>

NON - STOP BØNEHELG

15. - 17. september i Dale bedehus

DALE OG STANGHELLE INDREMISJON

Sundag 18. juni er ein historisk dag, i alle fall i lokal samanheng. Då vart indremisjonsforeiningane på Dale og Stanghelle lagt ned, og ei felles foreining vart skipa. Dei to indremisjonsforeiningane hadde fyrst møte kvar for seg, der dei gjekk inn for samanslåing. Etterpå vedtok dei å leggje ned si eiga foreining. Når då dette var avklara, samla alle medlemmane seg til fyrste møte i den nye foreininga. I det møtet vart lov for Dale og Stanghelle indremisjon vedteken. Det vart og valt nytt styre for foreininga. Styret sit fram til fyrste ordinære årsmøte, som fin stad i månadsskiftet januar/februar 2007.



Det nye styret. Frå venstre: Arne Verpelstad (nestleiar), Kristi V Kvamsøe (medlem), Ottar Dalseid (leiar), Eli Kringlebotten (skrivar) og Ragnvald Kringlebotten (kasserar).

DALASTEMNA sundag 23. juli kl. 12

Frå Flatekval går ein opp ved Dalastova, og det er felles avgang kl. 10.00. Ein må rekne med å gå i om lag ein og ein halv time til Storavatnet. Ved dårleg ver, vert gudstenesta halden i Eksingedalen kyrkje. Ta kontakt med soknepresten, 90 19 65 14, dersom du treng stadfesting på kvar det vert gudsteneste

KILDEN

øver i Vaksdal kyrkje
fredagar kl 18.00-1930
Første øving etter ferien er:
25.august
Velkommen!

MISJONSPROSJEKTET OG TIBETMISJONEN

Familien Gullbrå kjem til Noreg no i sommar. Elisabeth og borna kjem 8. juli, Kjartan kjem 19. juli. Dei skal både ha ferie og arbeide for Tibetmisjonen. Mellom anna vert dei med på Tibetmisjonen sitt Landsmøte 2.-6. august. Landsmøtet skal vere på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug, og i samband med landsmøtet er det gudsteneste i Vaksdal kyrkje søndag 6. august. Meir info finn du her: <http://www.tibetmisjonen.no/> og <http://www.gullbra.net/>

STANGHELLE BARNESONGKOR

øver i Stanghelle bedehus
annan kvar tysdag.
Øvingstid 14.10-15.10
(etter skuleslutt)

Tilbodet er for born frå ca. 10 år.
Første øving etter ferien er:
29. august.
Velkommen!

STAMNES BARNEKOR

øver i Stamnes bedehus
onsdagar kl 17.15

Tilbodet er for born frå 4 år
og oppover.
Første øving etter ferien er:
6.september.
Velkommen!

BABY/SMÅBORNSSONG

har samlingar i Stamnes bedehus
ca. tredje kvar torsdag
kl 10.00 – 12.00
Tilbodet er for born frå 0 år
og oppover.
Første øving etter ferien er:
7. september.
Velkommen!

Slekters gang

DØYPTE

VAKSDAL

22.01 Amalie Olaissen Hovlandsdal
19.03 Sunniva Faugstad
19.03 Thomas Haugland-Lindholm
02.04 Rakel Torpe
07.05 Ida Johanne Thorsen
11.06 Kasper Audestad Sæterdal

DALE

09.04 Jone Helle Rørbakken
09.04 Isabella Bruvik
07.05 Anna Simmenes Wiers
07.05 Trym Langhelle
04.06 Lars Lekve
04.06 Tiril Kulshamar Fardal
18.06 Selma Konstanse Solberg

STAMNES

26.02 Gabriel Straume Bah
11.06 Mathias Leiren Fossmark
11.06 Sander Tennebekk Vik
11.06 Kristina Marie Leiren Mastervik
11.06 Nathalie Angelica Mo Lilletvedt

EIDSLAND

26.04 Anne-Lise Møster

EKSINGEDALEN

13.04 Ruth Johanne Lavik Bjørge

VIGDE

VAKSDAL

17.06 Elisabeth Langeland og
Erik Nilsen Vaksdal

AVLIDNE

VAKSDAL

17.05 Sigvald Herfindal, f. 1921

DALE

30.03 Lilly Vågen, f.1928
02.04 Eivind Hjørnevik, f.1923
11.04 Jan Dalseid, f.1935
20.04 Oscar Søvik, f.1921
20.04 Bjarne Konrad Thaulé, f. 1905
03.05 Helga Solveig Stokke, f.1942
27.05 Signe Stanghelle, f.1917

STAMNES

07.04 Sigmund Johannes Vik, f.1925
22.06 Agnes Vik, f. 1929

NESHEIM

23.03 Lars Ekse, f.1930
17.05 Astrid Gullbrå, f.1909

ASBJØRN ER 70!



Asbjørn fekk mange gåver til 70-årsdagen. Her er han med ei strikkejakke frå Dale of Norway. Modellen heiter – nærast sjølv sagt – "Eksingedalen".

Asbjørn Nese fylte 70 år i slutten av mai, og gjennom Kyrkjebladet vil me gjerne få gratulere han med dagen! Han er ein veteran i kyrkjeleg samanheng, og dei alle fleste skal få slite for å gjenta Asbjørn si bragd!

Sidan han var i 14-årsalderen har Asbjørn vore organist i Nesheim kyrkje, og han vart fast tilsett i 1952. I 1955 byrja han som organist i Eksingedalen kyrkje, i 1979 i Mo kyrkje, og sidan 1998 har han og vore organist i Eidsland kapell. No er han organist i alle desse kyrkjene, i totalt 50% stilling. I tillegg vikarierer han i dei andre kyrkjene i Vaksdal, og har somme gonger vikaroppdrag i andre kyrkjer.

Asbjørn har fått røynt fleire typar orgel: Harmonium, gjerne kalla "trøorgel", elektronisk "stoveorgel" og nyare pipeorgel. Asbjørn var mellom anna primus motor då Eidsland kapell fekk nytt orgel.

I Asbjørn har med ein særst god medarbeidar, som det alltid er ei glede å arbeide saman med.

Til lukke med dagen, Asbjørn!

På vegne av medarbeidarane

Frode Kvamsøe

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

16.juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
6.aug. kl.11.00 Høgmesse. Bø og
Tibetmisjonen. Nattverd.
20.aug. kl.11.00 Familiegudsteneste.
Bø. Konfirmantpresentasjon.
3.sept. kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Søndagsskulens dag.
17.sept. kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
24.sept. kl.16.00 Ung Messe. Kvamsøe.

DALE KYRKJE

9.juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
30.juli kl.18.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.
13.aug. Sjå Stanghelle Bedehus!
27.aug. kl.11.00 "Fest på kjerka",
friluftsgudsteneste i Messehagen.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.
17.sept. kl.16.00 Ung Messe. Bø.
STANGHELLE BEDEHUS
13.aug. kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø

KONFIRMANTPRESENTASJON

Datoar for presentasjon av
konfirmantane i kyrkjene i Vaksdal:

Vaksdal: 20. august kl. 11
Stamnes: 20. august kl. 18.
Dale: 27. august kl. 11.
Eksingedalen: 3. september kl. 16.
Eidsland: 3. september kl. 19.
Bergsdalen: 10. september kl. 11.

"FEST PÅ KJERKA"

**i Messehagen på Dale
sundag 27. august kl. 11**

For sjette gong vert det "Fest på kjerka" på Dale. Nytt av året er at konfirmantane i Dale sokn vert presenterte for kyrkjelyden i denne gudstenesta. Torsdagsklubben er og med.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, sjølvsagt med vaflar, og ei kort samling etterpå. Ved dårleg ver skjer det heile i Dale kyrkje.

BERGSDALEN KYRKJE

2.juli kl.15.00 Stølgudsteneste på
Fossestølen. Kvamsøe.
10.sept. kl.11.00 Bergsdalsstemna. Bø.
Konfirmantpresentasjon.

STAMNES KYRKJE

9.juli kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.
30.juli kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
20.aug. kl.18.00 Familiegudsteneste. Bø.
Konfirmantpresentasjon.
10.sept. kl.18.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

EIDSLAND KAPELL


6.aug. kl.17.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.
3.sept. kl.19.00 Familiegudsteneste. Bø.
Konfirmantpresentasjon.

EKSINGEDALEN KYRKJE

23.juli kl.12.00 Dalastemna. Kvamsøe.
3.sept. kl.16.00 Høgmesse. Bø.
Konfirmantpresentasjon.

NESHEIM KYRKJE

20.aug. kl.15.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe.



Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år

Pris kr. 300,-

Utsalsstader: Petersen & Ypsøy, Dale; Mix
Imbiss, Dale; Kyrkjekontoret, Dale; Evanger
Nærbutikk; Voss bokhandel; Notabene på Amfi-
senteret, Voss